

Framlegg 21.4.2021

Regionalplan for Sogn - handlingsplan 2021

MÅL: Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

1. Attraktiv buregion

Delmål

Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med rekruttering til regionen.

Felles profilering og merkevarebygging for å løfta fram kvalitetane i regionen.

Sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarakar.

1.1 Profilering og rekruttering

Strategiar

Vidareutvikla omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.

Medverka i arbeidet med felles profilering og merkevarebygging for Sogn som bu- og arbeidsmarknadsregion der fortrinna på dei ulike stadene blir synlege i rekrutteringsarbeidet.

Prosjekt/tiltak

Gjennomføre prosjekt om felles profil og merkevare for Sogn.

1.2 Stadutvikling

Strategi

Medverka til kunnskapsutvikling og samarbeid om stadutvikling

Prosjekt/tiltak

Identifisera kommunane sine behov og invitera til regionalt samarbeid for å fremje arbeidet med stadutvikling.

1.3 Integrering og inkludering

Strategi

Gjennomføra det regionale prosjektet *Sogn for alle – integrering og inkludering* av innvandrarakar.

Prosjekt/tiltak

Iverksetje handlingsplanen i prosjektet Sogn for alle 2020-2021 vedteken i Sogn regionråd.

2. Kompetanse

2.1 Fagkompetanse til verksemdene

Delmål

Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.

Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning ¹

Strategi

Stå samla om og utvikle dei vidaregåande skulane regionen har i dag.

Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemdar sine behov og samsvarer med ungdomane og utdanningssøkjande sine ønske.

Gjennom partnerskapen med NHO, LO og fylkeskommunen medverka til fleire lære plassar i kommunane og i private verksemdar.

Prosjekt/tiltak

- Koordinera arbeidet i lokal samarbeidsarena for å fange opp kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Gje innspel til Kompetanseforum Vestland i samarbeid med Hardanger-Voss.
- Samarbeide med høgskulen om prosjektet desentralisert sjukepleiarutdanning for at kommunalt tilsette byrjar på studiet
- Medverka til at tiltaka i partnerskapsavtalen med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire lære plassar i Sogn blir gjennomførde

¹ Kommunane vil handsama det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling i løpet av 2021 og endring i målformulering vil bli teke inn i regionalplan for Sogn 2021-2024.

2.2 Barnehage- og skuleutvikling

Strategi

Kommunane samarbeider om barnehage- og skuleutvikling og vurderer i løpet av 2021 vidareføring av samarbeidet.

Prosjekt/tiltak

Iverksetje handlingsplan 2021 for System for styrka læring vedteken i Sogn regionråd.

Handsama framlegg til ny programplan for regionalt barnehage- og skulesamarbeid for 2022-2030.

3. Næringsutvikling

Delmål

Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemdar i regionen der vi byggjer på det vi er sterke og gode på
Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat

3.1 Grøn næringsutvikling

Strategiar

Arbeida for auka bruk av energiressursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.

Leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.

Styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.

Prosjekt/tiltak

Delta i prosjektet Grøn region Vestland – Indre Sogn og Hardanger i regi av Vestland fylkeskommune

Delta i nettverk på tvers av sektorar som samlar bedrifter og organisasjonar i Sogn for kunnskapsdeling, utvikla nye prosjekt og kommuneoverskridande tiltak.

3.2 Offentlege arbeidsplassar

Strategi

Medverka for å styrke og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn.

Byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling.

Prosjekt/tiltak

Definere og avklare korleis rådet vil arbeide for å behalda og få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i Sogn

3.3 Reiseliv

Strategiar

Støtte destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen.
Medverka til å samordne og styrke den regionale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål.
Pådrivar for betre samferdsle.

Prosjekt/tiltak

Støtte internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden, reiselivsprodukta i Sogn og arbeidet med heilårs reiseliv.
Strategisk påverknadsarbeid for at infrastruktur og samferdsle vert utvikla med omsyn til tilreisande og reiselivsutviklinga i Sogn heile året, blant anna rutetilbodet for Sognebåten.
Støtte arbeidet med utvikling av Sogn som berekraftig reisemål og samordne arbeidet i regionen for å fremje Sognefjorden som reisemål

3.4 Teknologi og digitalisering

Strategi

Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurransekraft.

Prosjekt/tiltak

Etablera eit prosjekt for tettare samarbeid mellom bedrifter og kompetansepartnarar i regionen om utvikling av ny teknologi og slik styrka innovasjons- og konkurransekrafta.

4. Samferdsle

Delmål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.
Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.

Strategi

Gjennomføre samferdsleplanen for 2020-2023.

Prosjekt/tiltak

Iverksetja tiltaka i handlingsplan for samferdsle 2021.

Satsing	Prosjekt/tiltak 2021	Budsjett 2021
Attraktiv buregion	1) Gjennomføre prosjekt om felles profil og merkevare for Sogn.	350 000
	2) Identifisera kommunane sine behov og invitera til regionalt samarbeid for å fremje arbeidet med stadutvikling. 3) Iverksetje handlingsplanen i prosjektet Sogn for alle 2020-2021.	1 000 000
Kompetanse	1) Koordinera arbeidet i lokal samarbeidsarena for å fange opp kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod 2) Gje innspel til Kompetanseforum Vestland i samarbeid med Hardanger-Voss. 3) Samarbeide med høgskulen om prosjektet desentralisert sjukepleiarutdanning 4) Medverka til at tiltaka i partnarskapsavtalen for fleire læreplassar i Sogn blir gjennomførde 5) Iverksetje handlingsplan 2021 for System for styrka læring vedteken i Sogn regionråd. 6) Handsama framlegg til ny programplan for regionalt barnehage- og skulesamarbeid for 2022-2030.	200 000 2 024 000
	Næringsutvikling	1) Delta i prosjektet Grøn region Vestland – Indre Sogn og Hardanger i regi av Vestland fylkeskommune 2) Delta i nettverk på tvers av sektorar som samlar bedrifter og organisasjonar i Sogn for kunnskapsdeling, utvikla nye prosjekt og kommuneoverskridande tiltak. 3) Definere og avklare korleis rådet vil arbeide for å behalda og få tilført fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar i Sogn 4) Støtte internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden, reiselivsprodukta i Sogn og arbeidet med heilårs reiseliv. 5) Strategisk påverknadsarbeid for at infrastruktur og samferdsle vert utvikla med omsyn til tilreisande og reiselivsutviklinga i Sogn heile året, blant anna rutetilbodet for Sognebåten. 6) Støtte arbeidet med utvikling av Sogn som berekraftig reisemål og samordne arbeidet i regionen for å fremje Sognefjorden som reisemål 7) Etablere eit prosjekt for tettare samarbeid mellom bedrifter og kompetansepartnarar om utvikling av ny teknologi og slik styrka innovasjons- og konkurransekrafta.
Samferdsle	1) Iverksetje tiltaka i handlingsplanen for samferdsle 2021	200 000